

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 5. desember 2011 kl 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Åse Karin Gjære

= 2 voterande

Inga Helen Støversten møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og teknisk sjef Jørn Hagerborg.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Medlemmane i kontrollutvalet gjekk inn for at innkalling og saksdokument blir sendt på e-post og ikkje i papirversjon frå og med neste møte.

SAK 11/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 19. SEPTEMBER 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 19. september 2011 blir godkjent.

SAK 12/11

ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 13/11

**OPPLEGG FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I DEN NYE VALPERIODEN
(TIL DRØFTING)**

I drøftingane var det mest fokus på behovet for forvaltningsrevisjon og framlegging av ein plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje fatta konkrete vedtak.

SAK 14/11

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON VEDKOMANDE SJUKEFRÅVÆR I ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument datert 29.11.2011 frå kontrollutvalsekretariatet. Det kom fram under drøftingane at forvaltningsrevisjonsrapporten vil vere ferdigstilt 1. kvartal 2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vedkomande sjukefråvær i Ørskog kommune.

SAK 15/11

VEDK. OPPFØLGING AV SAK 14/10 OG SAK 04/11 – PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG KOMMUNE

Behandlinga av denne saka har stoppa opp på grunn av manglande svar frå kommunen. Som forklaring på at fristane for svar til kontrollutvalet ikkje har blitt haldne, vart det opplyst at arbeidet med å gå gjennom materialet har vore svært krevjande og at det av den grunn ikkje har vore nok tid. Det kom fram synspunkt på at det i situasjonen burde blitt teke kontakt med kontrollutvalsekretariatet både med tanke på å melde frå om årsaker, men også for å drøfte nærmare behovet for å få fram dei opplysningane som er relevante. Det vart lovt oversending av svar i løpet av januar 2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Åse Karin Gjære
nestleiar
(sign.)